

Forslag til programtekster om kulturskolen, ved fylkestingsvalet i 2023.

Kulturskolen er eit lovpålagt skuleslag gjennom opplæringslova §13.6:

«Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskoletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skoleverket og kulturlivet elles.»

[Meld.St 18 \(2020-2021\)](#) og [Kulturskolen sin rammeplan](#) er grunnlaget for utviklinga av framtida sin kulturskule. Begge dokumenta slår fast at visjonen er Kulturskule for alle. Meldinga gjev framtida sin kulturskule ein sentral posisjon både i den lokale og regionale samfunnsutviklinga og -planlegginga. Om meldinga sin visjon skal nåast, må kulturskulane i framtida nå mange fleire barn og unge. Det blir behov for ny kompetanse, større bredde i tilboda og det må utviklast nye samarbeids- og undervisningsformer.

Forslag til programtekst til fylkespartia:

- ✓ Vi vil at fylkeskommunen skal samarbeide med dei kommunale kulturskulane om å gje eit regionalt fordjupingstilbod til kulturskuleelevene.
Sitat Meld.St 18, kap. 8.3.7: «Regjeringa ønskjer å styrkje rolla kulturskolen har som regional talentaktør. ... Det vil vere naturleg å samarbeide med fylkeskommunane om innsatsen for å styrkje talentutviklinga.»
- ✓ Vi vil arbeide for å gjevne ut sosiale og økonomiske ulikheiter for å betre folkehelsa. Å gje fleire barn og unge tilgang til kulturskulane er ein viktig bidragsytar i folkehelsearbeidet.
Sitat Folkehelseloven §20: «Fylkeskommunen skal understøtte folkehelsearbeidet i kommunene. ... Fylkeskommunen skal være pådriver for å samordne folkehelsearbeidet i fylket.»
- ✓ Vi vil arbeide for at det vert innført utviklingsmidlar over statsbudsjettet, som kommunane og fylkeskommunane kan søkje på for å utvikle nye og framtidsretta kulturskuletilbod.
- ✓ Vi vil melde fylkeskommunen inn som medlem i Norsk kulturskoleråd.

Norsk kulturskoleråd stiller seg gjerne til disposisjon for å svare på spørsmål eller gi fleire innspel til partiet i løpet av programprosessen dykkar. Lykke til med førebuingane frem mot valet i 2023.

Trondheim 12.05.22
Helga Pedersen, styreleiar
-sign.-

Morten Christiansen, direktør

